

## Tove Mette Arnø Fyllingen

---

**Fra:** Magne Fjell <Magne.Fjell@hfk.no>  
**Sendt:** 1. mars 2019 07:22  
**Til:** Eirik Schütz  
**Kopi:** Arne Eikefet  
**Emne:** VS: E39 - Grunnerverv - gnr. 188 bnr. 358 i Lindås kommune

### Til informasjon

Er i Knarvik senere i dag, tar trolig kontakt etter kl 14, om det passer

Mvh

Magne

---

**Fra:** Holsen John Arne [<mailto:john.arne.holsen@vegvesen.no>]  
**Sendt:** 28. februar 2019 22:05  
**Til:** Fredrik Huseby <[Huseby@braekhus.no](mailto:Huseby@braekhus.no)>  
**Kopi:** Magne Fjell <[Magne.Fjell@hfk.no](mailto:Magne.Fjell@hfk.no)>  
**Emne:** E39 - Grunnerverv - gnr. 188 bnr. 358 i Lindås kommune

Syner til skypemøte onsdag 6. februar angående Statens vegvesen sitt grunnerverv frå ST1 sin eigedom gnr. 188 bnr. 358 i Lindås kommune.

Vegvesenet har i etterkant av møtet på nytt vore i kontakt med Lindås kommune v/ Magne Fjell for å diskutere eit eventuelt felles erverv frå eigedommen.

Sjølv om det er ein reguleringsplan for området, er det to uavhengige utbyggingar, der prosjekta har ulik finansiering. I utgangspunktet skal det ikkje vere noko problem for at det vert gjennomført to uavhengige utbyggingsprosjekt, og ulike prosessar med grunnerverv frå eigedommen.

Grunnervervet til Statens vegvesen har i hovudsak vore planlagt med oppstart hausten 2019. For kommunen sin del er bygging av Kvassnesvegen eit rekkefølgekrav for ferdigstilling av nytt Helsehus i Knarvik sentrum, samt at Kvassnesvegen må vere ferdig bygd før arbeidet med prosjekt «oval rundkøyring på E39» tek til. For at kommunen skal halde sin framdriftsplan er det naudsynt at tiltreding på eigedommen skjer i løpet av våren 2019. Av den grunn er kommunen kommen lenger i grunnervervsprosessen enn det vegvesenet er.

Det er forståeleg at det ynskje om eit felles erverv frå eigedommen, særleg med tanke på at det totale inngrepet på eigedommen vert såpass stort. Som nemnt på skypemøtet må ein føresetnad for eit felles erverv frå eigedommen vere at kommune får tiltre den del av eigedommen som inngår i kommunen si utbygging.

Vegvesenet har på noverande tidpunkt ikkje føresetnad for å kunne fastsetje ei erstatning for det totale inngrepet på eigedommen. Vegvesenet kan ikkje utan nærmare undersøking leggje tala St1 har lagt fram som grunnlag for inntektstapet på eigedommen. Vi set pris på at St1 til no har vore aktiv med å leggje fram tal som syner økonomisk tap for eigedommen og vi håpar at de i framover er like hjelpsame. Det bes derfor om at ein revisor innhenta av vegvesenet og kommunen får tilgang til St1 sin rekneskap for bensinstasjonen i Knarvik. Dette for å kunne få eit grunnlag for utrekning av inntektstap, men også for å kunne fordele ervervskostnaden mellom kommunen og vegvesenet sitt erverv. På møtet med kommunen vart det semje om at kommunen hentar inn ein ekstern revisor.

Eit eventuelt felles tilbod om minneleg kjøpsavtale frå vegvesenet og kommunen kan først leggjast fram når vi har innhenta ei vurdering frå ein ekstern revisor.

I frå vegvesenet si side er det ynskeleg å få noko meir kjennskap til reetableringa av ny stasjon. Blant anna plassering av nytt stasjonsbygg. Dette for å eventuelt kunne tilpasse mellombels erverva areal i anleggsfasen. Vidare er det ynskje om ei koordinering mellom vegvesenet og St1 om riving av eksisterande stasjon, samt fjerning av tankar og forureina massar i grunnen.

Ber om tilbakemelding på om det vert gjeve aksept for at ein ekstern revisor får tilgang til St1 sin rekneskap for Shellstasjonen i Knarvik.

Med helsing

John Arne Holsen

Statens vegvesen, Ressursavdelinga, Egedomsseksjonen

**Kontoradresse:** Nygårdsgaten 112, BERGEN

**Mobil:** +47 99243840 **epost:** [john.arne.holsen@vegvesen.no](mailto:john.arne.holsen@vegvesen.no)

[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **epost:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)